



## Møteprotokoll Kommunestyret

**Møtedato:** 21.09.2023  
**Møtestad:** Synfaringar først, deretter Austrheim samfunnshus  
**Møtetid:** 15:00 - 20:50

Kommunestyret skal på synfaring på dei to skulane.  
Startar på Kaland skule, deretter Årås skule.  
Den politiske delen av møtet er etter synfaringane, på samfunnshuset.  
Frammøte klokka 15:00 på Kaland skule.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognnes	H	Medlem
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem
Lise Renate Helle	SP	Medlem
Marita Terese Bru	BIA	Medlem

---

### Desse møtte frå administrasjonen:

Anja Låstad, Anne Hildegunn Færøy, Asbjørn Nagell Toft, Atle Vaage, Bjarte Rosenlund, Bjørnar Fjellhaug, Grethe Korsøen, Ketil Tjore, Rolf-Henning Myrmel, Kjersti Nilsen Torstensen, Randi Ulvøy.

Austrheim 27. september 2023

Per Lerøy  
ordførar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

Saknr	Tittel
072/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
073/23	Godkjenning av møteprotokoll
074/23	Meldingar
075/23	Orienteringssak
076/23	Godkjenning - Forskrift om delvis forbod mot bruk av fyrverkeri i Austrheim kommune
077/23	Mandat og budsjett for arbeidsgruppa og prosjektgruppa for energiproduksjon og energisparing i Austrheim kommune
078/23	Tilskot privat vassutbygging Utkilneset
065/23	Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023 - 2032 - frå steinalder til oljealder - vedtak
079/23	Auka låneopptak Husbanken 2023
067/23	Handlingsprogram VA 2023-2027
080/23	Skjenkeløyve kommunehuset - til bruk i samband med vigsel
069/23	Endra garanti til Sætremarka Burettslag
070/23	Endring av vilkår i bevilgning til prosjekt Nordliheimen
071/23	Reglement, ansvar og mynde for Levekårsutvalet 2023-2027

## **072/23: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **21.09.2023 KOMMUNESTYRET**

Før møtet var sett på samfunnshuset, var det synfaringar på dei to skulane Kaland og Årås, som har blitt utbetra det siste året.

Den politiske sakshandsaminga starta klokka 17.45.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 072/23 - 21.09.2023 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent

---

## **073/23: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **21.09.2023 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 073/23 - 21.09.2023 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

---

## **074/23: Meldingar**

## Kommunedirektøren sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

### 21.09.2023 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### KS - 074/23 - 21.09.2023 - Vedtak:

Meldingane vart tekne til orientering

---

### 075/23: Orienteringssak

## Kommunedirektøren sitt framlegg:

### 21.09.2023 KOMMUNESTYRET

Helsestasjonen hadde orientering om korleis dei jobbar, ved leiar for helseeininga Grethe Korsøen, fagleiar helsestasjonen og helsesjukepleiar Anja Låstad, helsesjukepleiar Randi Ulvøy og helsesjukepleiar Kjersti Nilsen Torstensen. Presentasjonen deira ligg ved møteboka.

Kommunalsjef helse og velferd, Anne Hildegunn Færøy, orienterte om status for arbeid med nytt helse- og omsorgstun. Presentasjonen ligg ved møteboka.

Prosjektleiar Rolf Henning Myrmel viste status for investeringsprosjekt. Presentasjonen ligg her.

Prosjekt nr	Prosjektnamn	Posjekteigar	Utfør ar	Budsjet t	Tilskot/ overført	Total ramme	Status /Oppstart
K90002	Nordlihøgda omsorgboliger	Helse og velferd	Prosjekt	10.500.00	4.900.00	15.400.00	Del 1 er ferdig. Planering av tomt med vei, vatn og kloakk.
K90002	Nordlihøgda omsorgboliger	Helse og velferd	Prosjekt	10.500.00	4.900.00	15.400.00	Anbud er tildelt. Oppstart 2.10.23
K90028	VA - vatn. Ringledning	Forvaltning og	Prosjekt	7.900.00	6.984.00	14.884.00	Prosjektering

	<i>gamle kom.hus- Åråsfeltet</i>	servise	kt	0	0	00	pågår. Treng grunnavtale.
				Løpande			
K90038	Kloakkpumpepestasjon	Forvaltning og servise	Prosje kt	4.100.00	212.000	4.312.00	Åråsvågen er 0 ferdig 28.04.23
				Løpande			
K90038	Kloakkpumpepestasjon/pumpeledning	Forvaltning og servise	Prosje kt				Pumpestasjon Kystlandsbyen med pumpeledning til Blodvika. Avtale om prosjektering inngått.
K90051	Hoplandskverna og Sagbruk	Oppvekst og kultur	Prosje kt	450.000		450.000	Grunneigara
K90061	Skulebygg	Oppvekst og kultur	Prosje kt	25.000.00	20.600.00	45.600.00	Årås skule er ferdig. Står at arbeid på uteområde på Kaland.
	<i>Gangveg mot Åråsfeltet. Del 1. Oppstartsmøte med konsulent uke 19 der og del 2 skal prosjekterast.</i>	Forvaltning og servise	Prosje kt		1.000.00	4.500.00	Startet på del 1. Anbud på resterande innkomme 20.09.23
					0	0 +	
					+1.000.00		
					00		
					Vestland fylke		
K90064	Gangveg Nordlibrekka	Forvaltning og servise	Prosje kt	700.000	200.000	900.000	Litt opprydding rundt anlegget gjenstår.
					Vestland fylke		
K90067	Næringstomt Mongstad	Kommunedirektøren	Prosje kt	1.200.00		1.200.00	Tildelt/Fram drift styres av massetilgang .
				0			
	Næringstomt Mongstad. Ferdigstilling tomt og omlegging av VA.	Kommunedirektøren	Prosje kt			Deles på VA fond og prosjekt.	Anbud 10/23.
K90072	Nøst Baløy	Forvaltning og service	Prosje kt	1.500.00		1.500.00	Nøst ferdig. 0 Arbeid med uteområde høst 23( Avhengig av avtale med båtforening)
				0			
	Veilys Hopland	Forvaltning og service	Prosje kt			700.000	Mangler avtale. Avtale om prosjektering inngått.

Ambulansestasjon

Forvaltning og Prosje  
service kt

Mangler  
avtale. Har  
vert i kontakt  
med Helse  
Bergen.  
Uvist kor tid  
det blir  
aktuelt.

I samband med arbeidet på skulane vart det etterlyst detaljert rekneskap, her stadfesta administrasjonen at det skal leggst fram detaljert rekneskap frå arbeidet på skulane, delt på dei to skulane.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 075/23 - 21.09.2023 - Vedtak:**

Orienteringane vart teke til vitande.

---

### **076/23: Godkjenning - Forskrift om delvis forbod mot bruk av fyrverkeri i Austrheim kommune**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret vedtek forskrifta slik den ligg føre.

Grunngjeving ligg i saksutgreiinga.

Heimel for lokal forskrift finn vi i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 43 bokstav e, jf. forskrift 26. juni 2002 nr. 922 om handtering av eksplosjonsfarleg stoff § 2-10A.

### **31.08.2023 FORMANNSKAPET**

Sakshandsamar Stein Kåre Løvslett orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) ba om at det vart lagt inn kart når dette skal publiserast, slik at det vert tydeleg for innbyggjarane. Ordførar Per Lerøy (Ap) oppfordra til at møtesekretær og sakshandsamar samarbeider om å sjå på ei slik ordning med kart. Løvslett svara at det er vurdert, utan at det er gjort, men at det er noko ein kan sjå nærare på.

Inger Lise Brekke (H) sa at dersom det ikkje blir laga kart, så må det i alle fall informerast godt og det må vera mogleg å ta kontakt med kommunen om ein er usikker. Det kan vera vanskeleg å tolka heilt kva som er tillatt.

Morten Sognnes (H) sa at det er viktig at ein kan få informasjon, anten det er hjå kommunen eller frå brannvernet.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

### **FS - 078/23 - 31.08.2023 - Vedtak:**

Formannskapet si tilråding:  
Kommunestyret vedtek forskrifta slik den ligg føre.

Grunngjeving ligg i saksutgreiinga.

Heimel for lokal forskrift finn vi i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 43 bokstav e, jf. forskrift 26. juni 2002 nr. 922 om handtering av eksplosjonsfarleg stoff § 2-10A.

## **21.09.2023 KOMMUNESTYRET**

Ordfører Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **KS - 076/23 - 21.09.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek forskrifta slik den ligg føre.

Grunngjeving ligg i saksutgreiinga.

Heimel for lokal forskrift finn vi i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 43 bokstav e, jf. forskrift 26. juni 2002 nr. 922 om handtering av eksplosjonsfarleg stoff § 2-10A.

---

## **077/23: Mandat og budsjett for arbeidsgruppa og prosjektgruppa for energiproduksjon og energisparing i Austrheim kommune**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Arbeidsgruppa og prosjektgruppa skal gjennomføra arbeidet sitt i løpet av 2023 og i tråd med vedtak i kommunestyret den 13.04.2023. Intensjonen i ENØK-planen til Austrheim kommune som vart godkjent den 12.04.2018 skal følgjast. Klimaplanen som vart godkjent i 2022 er førande for arbeidet til begge arbeidsgruppene.

Arbeidsgruppa skal kartleggja korleis Austrheim kommune kan redusera energiforbruket ved alle kommunale bygg, samt korleis kommunen sjølv kan produsera energi både til eige forbruk og til sal. Energimerking og kartlegging av seks bygningar skal gjennomførast i 2023.

Arbeidet til arbeidsgruppa vert finansiert frå vedtekne budsjett.

Prosjektgruppa skal kartleggja kva tilskots- og støtteordningar som finst for dei som ønskjer å redusera energiforbruket, eller produsera sin eigen energi. Dette skal informerast ut til innbyggjarane på ein god måte. Prosjektgruppa skal vurdera korleis bedrifter og hushaldningar kan redusera sitt energiforbruk og produsera sin eigen energi sjølve. Energikonferansen skal haldast i november 2023.

Det vert sett av eit budsjett på kr 200.000 for prosjektgruppearbeidet, dette til møtegodgjerdning, studieturar, energikonferanse, fagføredrag og testar. Midlane kjem på plass og vist i revidert budsjett.

## **21.09.2023 KOMMUNESTYRET**

Denne saka utgjekk, då den har vore handsama av kommunestyret tidlegare.

### **KS - 077/23 - 21.09.2023 - Vedtak:**

---

## **078/23: Tilskot privat vassutbygging Utkilneset**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunen dekkar 1/3 av oppsitjarane sine fellesutgifter for framlegging av vatn til Utkilneset, inntil maksimalt kroner 215 000,- inklusive mva. Løyving vert finansiert og utbetalt over driftsbudsjettet for 2024.

Fleire abonnentar skal kunna kopla seg på anlegget, såframt det er kapasitet.

## **31.08.2023 FORMANNSKAPET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Vil no innstilla på anleggsbidrag.

Det er stramma inn i administrasjonen at dei vurderingar som er gjort skal dokumenterast betre, det har ikkje vore bra nok så langt.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette er ei sak både for vatn til Utkilen og vatn til Krossøy, der det er spørsmål kring den informasjonen som er gitt til innbyggjarane. Kommunen sin praksis har vore at kommunen har dekkja forsyning fram til knutepunkt, og så gitt støtte til private vasslag for å hjelpe dei med å få vatnet heilt fram. Tilsvarande er det naturleg at ein skulle gjort også for Krossøy og Utkilneset. Oppfattar at det er valt for små dimensjonar av dei som har jobba privat med dette, på bakgrunn av at det er gitt feile opplysningar frå administrasjonen, noko som er veldig uheldig.

Lerøy (Ap) spurte vidare om ein ikkje kan ta over anlegget og gje investeringstilskot på 50 eller 100 prosent, ved å gje dispensasjon frå VA-normen.

Helge Dyrkolbotn (KrF) viste til at det ikkje er søkt om overtaking, dersom det skal gjerast, må ein ta det opp som ei ny sak.

Morten Sognnes (H) sa at han oppfattar det slik at utbyggarane er ført bak lyset når det gjeld kva som skulle til for å oppfylle kommunen sine krav for å overta anlegget. Skulle gjerne dekkja meir enn ein tredel slik som det ligg i saka.

Ordførar Lerøy (Ap) og Dyrkolbotn (KrF) sa at det nok vil komma nye søknader frå både Krossøy og Utkilen om denne saka vert vedteken. Alternativt kan ein senda saka tilbake til administrasjonen for å



få dette som ei investering og ikkje over driftsbudsjettet. Om dette svara Fjellhaug at det er tale om å ta frå driftsbudsjettet for 2024, så ein kan gjera vedtak her og ev. sjå om det kjem ny søknad før 2024. Ordførar Lerøy (Ap) sa at det er viktig at ein dokumenterer det som blir avtala i ulike møte.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

#### **FS - 077/23 - 31.08.2023 - Vedtak:**

Kommunen dekkar 1/3 av oppsitjarane sine fellesutgifter for framlegging av vatn til Utkilneset, inntil maksimalt kroner 215 000,- inklusive mva. Løyving vert finansiert og utbetalt over driftsbudsjettet for 2024.

#### **21.09.2023 KOMMUNESTYRET**

Tillegg foreslått av: Per Lerøy

Fleire abonnentar skal kunna kopla seg på anlegget, såframt det er kapasitet.

Einingsleiar teknisk drift Atle Vaage orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Vaage viste til at kommunen uansett ikkje kan gjer meir enn 50 prosent tilskot, ved tilskot over dette er kommunen å rekna som utbyggar, og det kjem inn og krav om utlysing med meir.

Ordførar Per Lerøy (Ap) ba om at det vart lagt inn ein føresetnad om at andre skal kunna kopla seg på anlegget. Einingsleiar Vaage sa at det er ein god ide å leggja til ei slik setning. Det er plass til dei som bygger no, pluss også fleire.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke, med tillegg om at fleire skal kunna kopla seg på, så langt det er kapasitet.

#### **KS - 078/23 - 21.09.2023 - Vedtak:**

Kommunen dekkar 1/3 av oppsitjarane sine fellesutgifter for framlegging av vatn til Utkilneset, inntil maksimalt kroner 215 000,- inklusive mva. Løyving vert finansiert og utbetalt over driftsbudsjettet for 2024.

Fleire abonnentar skal kunna kopla seg på anlegget, såframt det er kapasitet.

---

#### **065/23: Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023 - 2032 - frå steinalder til oljealder - vedtak**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret vedtek «Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023-2032 - frå steinalder til oljealder»

*Tilleggspunkt i handlingsplanen: «Kartleggja og rydda gamle ferdselsveggar og stiar.»*

## **21.09.2023 KOMMUNESTYRET**

Framlegg til tilleggspunkt i handlingsplanen: foreslått av: Jan Erik Espelid

*Tilleggspunkt i handlingsplanen: «Kartleggja og rydda gamle ferdselsvegar og stiar.»*

Einingsleiar kultur, Kari Utkilen, orienterte om arbeidet med planen og innspela som kom i høyringsrunden.

Utkilen viste til at sjølv med vedtak om planen så vert det jobba vidare med den, mellom anna med å få på plass eit kart over kulturminne med meir, og ei vidare oppdatering med registreringar og anna. Sogelaget har gjort viktig arbeid, mellom anna med registrering av hamneboltar og sjømerke. Planen vert lagt ut digitalt.

Jan Erik Espelid (Bygdelista) sa at han er stolt av å bu i kommunen, med alt det fine planen viser at me har. Ba om at det vart teke med i handlingsplanen eit punkt om å kartlegga og rydda gamle ferdselsvegar: Framlegg til tilleggspunkt i handlingsplanen: «Kartleggja og rydda gamle ferdselsvegar og stiar.»

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er eit bra tillegg, som ein gjerne kan ta med i vedtaket, og spurte vidare om det er teke med noko om prestekaiane som gjerne var endepunkt for ferdselsvegar og stiar. Kari Utkilen svara at det er med noko i planen om prestekaiane.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om ein kan få eit interaktivt kart, der ein kan bruka planen som underlag til informasjonen som vert lagt inn i kartet. Eit slikt kart kan brukast for dei som skal besøka kommunen, anten det er på land på Fønnes eller kajakkpadling i Øyane. Øksnes spurte vidare om planen tek med papir og anna som er på privat eige, det kan vera papir frå skifte med rettar kring ferdselsvegar og anna, det ligg skildringar i desse av både rettar og plikter. Kari Utkilen svara at planen vert lagt inn i Askeladden, på same sett som andre kulturminne som vert registrerte. Det hadde vore kjekt å få på plass eit kart også for turistar, om det er mogleg, men det ligg ikkje i dette prosjektet. Utkilen sa vidare at ulike papir som Øksnes nemner ikkje er med i arbeidet, men at sogelaget jobbar med immaterielle kulturminne av denne typen, og det er bra.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke, med tillegg frå Bygdelista

### **KS - 065/23 - 21.09.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek «Kulturmiljøplan for kystkommunen Austrheim 2023-2032 - frå steinalder til oljealder».

*Tilleggspunkt i handlingsplanen: «Kartleggja og rydda gamle ferdselsvegar og stiar.»*

---

## **079/23: Auka låneopptak Husbanken 2023**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret vedtek å auke låneopptaket til startlån i Husbanken med 5 millionar for 2023

### **31.08.2023 FORMANNSKAPET**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.  
Handsaming i formannskapet:  
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

#### **FS - 079/23 - 31.08.2023 - Vedtak:**

Formannskapet si tilråding til vedtak i kommunestyret:  
Kommunestyret vedtek å auke låneopptaket til startlån i Husbanken med 5 millionar for 2023

### **21.09.2023 KOMMUNESTYRET**

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.  
Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **KS - 079/23 - 21.09.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek å auke låneopptaket til startlån i Husbanken med 5 millionar for 2023

---

### **067/23: Handlingsprogram VA 2023-2027**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Handlingsprogram for vatn og avlaup 2023-2027 vert godkjent slik det ligg føre.  
Handlingsprogrammet kan rullerast årleg i samband med utarbeiding av økonomiplan.

Austrheim Høgre og Austrheim Arbeidarparti viser til tidlegare kommunestyrevedtak om vatn til Førland. Der vedtok kommunestyret at etter den nye leidningen frå Torvneset via Utkilen til vasstårnet er på plass, skal vassleidning til Førland prioriterast. I det vedlagte framlegget til handlingsprogram, er dette ikkje teke omsyn til. Ringleidningen Solend – Førland – Austrheim er på niande plass på prioriteringslista. Me ber om at dette prosjektet blir delt opp slik at strekninga Solend – Førland vert bygd først og vert prioritert som det andre tiltaket i handlingsplanen. Me ber om at dette tiltaket blir gjennomført i 2024.

Kommunestyret viser til tidlegare kommunestyrevedtak om vatn til Førland. Der vedtok kommunestyret at etter den nye leidningen frå Torvneset via Utkilen til vasstårnet er på plass, skal vassleidning til Førland prioriterast. I det vedlagte framlegget til handlingsprogram, er dette ikkje teke omsyn til. Ringleidningen Solend – Førland – Austrheim er på niande plass på prioriteringslista. Me ber om at dette prosjektet blir delt opp slik at strekninga Solend – Førland vert bygd først og vert prioritert som det tredje tiltaket i handlingsplanen. Me ber om at dette tiltaket blir gjennomført i 2024.

## 21.09.2023 KOMMUNESTYRET

Tilleggsforslag - Sak 067/23. foreslått av: Hardy Pedersen

Austrheim Høgre og Austrheim Arbeidarparti viser til tidlegare kommunestyrevedtak om vatn til Førland. Der vedtok kommunestyret at etter den nye leidningen frå Torvneset via Utkilen til vasstårnet er på plass, skal vassleidning til Førland prioriterast. I det vedlagte framlegget til handlingsprogram, er dette ikkje teke omsyn til. Ringleidningen Solend – Førland – Austrheim er på niande plass på prioriteringslista. Me ber om at dette prosjektet blir delt opp slik at strekninga Solend – Førland vert bygd først og vert prioritert som det andre tiltaket i handlingsplanen. Me ber om at dette tiltaket blir gjennomført i 2024.

Korrigert tilleggsforslag - Sak 067/23. foreslått av: Hardy Pedersen

Kommunestyret viser til tidlegare kommunestyrevedtak om vatn til Førland. Der vedtok kommunestyret at etter den nye leidningen frå Torvneset via Utkilen til vasstårnet er på plass, skal vassleidning til Førland prioriterast. I det vedlagte framlegget til handlingsprogram, er dette ikkje teke omsyn til. Ringleidningen Solend – Førland – Austrheim er på niande plass på prioriteringslista. Me ber om at dette prosjektet blir delt opp slik at strekninga Solend – Førland vert bygd først og vert prioritert som det tredje tiltaket i handlingsplanen. Me ber om at dette tiltaket blir gjennomført i 2024.

Einingsleiar teknisk drift Atle Vaage orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Har stort etterslep, særleg på avløp.
- EU jobbar med strengare reinsekrav, som vil bety noko også i Austrheim.
- Største utfordringar innan avlaup. Det trengs investeringar til både pumpestasjonar, reinseanlegg og leidningsnett.
- For vatn er håpet å få vatn inn frå andre delen av kommunen gjennom Alver sine planar for reservevatn til nordre delen av Radøy. Alver kommune startar planlegging i oktober og vil starta arbeidet så raskt som mogleg, det kan gje vatn til vestre delen av Austrheim.
- Jobbar med fleire ringvegar for vatnet, slik at færre vert påverka ved brot på vassleidningen.
- Høgdebassenget er for lite til å sikra vatn om det er stor tapping til brannvern og andre.
- Det kan blir etableringsstopp om ein ikkje sikrar betre tilgang på vatn.
- For å komma i mål med det me må bygga, er det aktuelt å dobla eller tredobla avgiftene til vatn og avlaup det kommande tiåret. Men det er også eit press frå kommunane om at Staten må komma med ei ordning for å sikra at kommunane kjem i stand til å gjennomføra dette.
- Det er også utfordrande med entreprenørkapasiteten til utbygging, det tilseier at fristane for gjennomføring av nye krav vert skubba på.
- Ventar at det kjem nye løysingar på reinsing, det tilseier at ein rullerer denne handlingsplanen kvart år for å ta med seg nye løysingar.

Hardy Pedersen (Ap) etterlyste vatn til Førland. Etter tjue år med arbeid frå dei som bur der, må dette prioriterast. Pedersen la fram framlegget til vedtak:

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at KrF støttar framlegget frå Pedersen, slik at vatn fram til Førland kan prioriterast. Det har vore jobba med i årevis, og ein må innfri dette løftet til Førland. Dyrkolbotn sa vidare at han er glad for signal frå Alver om ringleidning.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at han hadde same punkt som Hardy, og ba om å få dette som eit fellesframlegg.

Reidar Øksnes (Sp) sa at kommunestyret må ta litt skuld for at ein har vore med på desse vedtaka og ikkje følgt det opp. Når det gjeld ringleidning i Alver kommune må noko vera planlagt frå tidlegare, treng ikkje starta heilt på nytt, men sjå på dimensjonar og tekniske løysingar.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at med ringleidning frå Alver må ein kunna sjå på vatn også til Njøta og Littlelindås.

Einingsleiar Atle Vaage sa at den nye høgspentlinja i fjorden mellom Mongstad og Radøy gjer at vassleidningen kanskje må gå over land ein del i Austrheim, det vil gjera det enklare for Austrheim å kopla seg på, men arbeidet må prosjekterast på nytt. Alver kommune har krav på seg om å skaffa reservevatn til nordre delen av Radøy, her kan Austrheim henga seg på.

Kommunestyret var samde om å ta tillegget frå Ap/Høgre som eit fellesframlegg, med retting om at vatn til Førland skal vera prosjekt nummer tre, og ikkje nummer to. Bakgrunnen for endringa er at dei to første prosjekta på planen alt er i gang.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke. Tillegget om vatn til Førland vart vedteke som fellesframlegg, med retting til prosjekt nummer tre.

### **KS - 067/23 - 21.09.2023 - Vedtak:**

Handlingsprogram for vatn og avlaup 2023-2027 vert godkjent slik det ligg føre.

Handlingsprogrammet kan rullerast årleg i samband med utarbeiding av økonomiplan

Kommunestyret viser til tidlegare kommunestyrevedtak om vatn til Førland. Der vedtok kommunestyret at etter den nye leidningen frå Torvneset via Utkilen til vasstårnet er på plass, skal vassleidning til Førland prioriterast. I det vedlagte framlegget til handlingsprogram, er dette ikkje teke omsyn til. Ringleidningen Solend – Førland – Austrheim er på niande plass på prioriteringslista. Me ber om at dette prosjektet blir delt opp slik at strekninga Solend – Førland vert bygd først og vert prioritert som det tredje tiltaket i handlingsplanen. Me ber om at dette tiltaket blir gjennomført i 2024.

---

### **080/23: Skjenkeløyve kommunehuset - til bruk i samband med vigsel**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret gjev løyve til at det i samband med vigsel kan serverast champagne eller tilsvarande alkoholhaldig drikke (under 22 volumprosent) i kantina og på tusenårsplassen like ved. Vigslar ved det enkelte høve står som ansvarleg.

Kommunestyret gjev løyve til at det i samband med vigsel kan serverast alkoholhaldig drikke (under 22 volumprosent) i kantina og på tusenårsplassen like ved. Vigslar ved det enkelte høve står som ansvarleg.

### **31.08.2023 FORMANNSKAPET**

foreslått av:

Det skal lagast kartskisser for kvar løyvet gjeld, dette skal leggest ved saka til kommunestyret.

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det vanlegvis er 4 til 10 personar som er tilstades på ei slik vigsel, men maksimalt 20.

Helge Dyrkolbotn (KrF) ba om det vert laga eit kart som viser området, dette vart støtta av Lerøy.

Dyrkolbotn (KrF) sa at han uansett vil seia nei.

Morten Sognnes (H) sa at skjenkeløyvet gjerne kan gjelda på framsida av bygget også.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det kan lagast kart til saka skal opp i kommunestyret.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at det er OK med tusenårsplassen, men ikkje framsida som er tett på fortau og anna.

Inger Lise Brekke (H) sa at det må vera lov å ta glaset med seg ned til Samuel Lervågs plass og kunstbrua for å ta bilde eller liknande.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med tillegg om at det skal lagast kartskisser før handsaming i formannskapet, vart vedteke med fire mot ei røyst. Helge Dyrkolbotn, KrF, røysta mot.

### **FS - 080/23 - 31.08.2023 - Vedtak:**

Formannskapet si tilråding til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret gjev løyve til at det i samband med vigsel kan serverast champagne eller tilsvarende alkoholhaldig drikke (under 22 volumprosent) i kantina og på tusenårsplassen like ved. Vigslar ved det enkelte høve står som ansvarleg. Det skal lagast kartskisser for kvar løyvet gjeld, dette skal leggest ved saka til kommunestyret.

## **21.09.2023 KOMMUNESTYRET**

Korrigert framlegg foreslått av: Per Lerøy

Kommunestyret gjev løyve til at det i samband med vigsel kan serverast alkoholhaldig drikke (under 22 volumprosent) i kantina og på tusenårsplassen like ved. Vigslar ved det enkelte høve står som ansvarleg.

Ordførar Per Lerøy (Ap) orienterte om saka, og viste til at det har komme spørsmål om at det er ønskje om å ta eit glas i samband med vigsel.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han synest det er totalt unødvendig at det skal vera behov for dette.

Dyrkolbotn sa at han har vore i kontakt med andre kommunar i regionen, der dette ikkje er ei problemstilling, og at enkelte har tilbod om alkoholfrie dråpar i samband med vigsel. Når det gjeld skisseframlegga sa Dyrkolbotn at han særleg er usamd i at det skal vera mogleg på framsida av kommunehuset.

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om at politiet ikkje hadde innvendingar. Denne uttalen kom etter at sakspapira var sende ut.

Reidar Øksnes (Sp) sa at det er greitt for Senterpartiet med løyve inne i kantina og på plassen bak, men ikkje på framsida av kommunehuset.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at vedtaket skal rettast ved å ta ut champagne.

Handsaming i kommunestyret:

Det vart røysta over eit retta framlegg til vedtak der "champagne" var teke ut.

Det vart røysta opp mot skissa, del for del.

- Inne i kantina, vedteke med 14 mot KrF sine 3 representantar, Helge Dyrkolbotn, Anne Dahle Austrheim og Randi K. Dyrøy.
- Tusenårsplassen utanfor kantina, vedteke med 14 mot KrF sine 3 representantar, Helge

Dyrkolbotn, Anne Dahle Austrheim og Randi K. Dyrøy.

Parken framfor kommunehuset og Samuel Lervågs plass, vedteke med 10 mot 7 KrF, Sp og Bygdelista (Helge Dyrkolbotn, Anne Dahle Austrheim og Randi K. Dyrøy i KrF, Jan-Erik Espelid frå Bygdelista og Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn, Reidar Øksnes og Lise Renate Helle i Sp)

**KS - 080/23 - 21.09.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret gjev løyve til at det i samband med vigsel kan serverast alkoholhaldig drikke (under 22 volumprosent) i kantina og på tusenårsplatsen like ved. Vigslar ved det enkelte høve står som ansvarleg.

---

**069/23: Endra garanti til Sætremarka Burettslag**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommune garanterer for lån med sjølvskuldnargaranti for lån gjeven av Kommunalbanken på kroner 6 319 328,- til Sætremarka burettslag.

**21.09.2023 KOMMUNESTYRET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Går inn for å gje garantien slik det er sett opp i saka.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er lite risiko sidan lånet er så lite, så det er bra om kommunen gjev garanti som i neste omgang kan gje ein prosent lågare lånerente.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

**KS - 069/23 - 21.09.2023 - Vedtak:**

Austrheim kommune garanterer for lån med sjølvskuldnargaranti for lån gjeven av Kommunalbanken på kroner 6 319 328,- til Sætremarka burettslag.

---

**070/23: Endring av vilkår i bevilgning til prosjekt Nordliheimen**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret vedtek at det ikkje vert skifta golv i gangar på Nordliheimen som gjort greie for i saka.

Saka om nytt golvbelegg på Nordliheimen er for dårleg utgreidd. Austrheim Høgre og Austrheim Arbeidarparti ber om at saka vert utsett og at bedriftshelsetenesta, ergoterapeut, verneombod, tilsette og leiinga ved Nordliheimen vert trekt med i arbeidet med ei ny og grundigare saksutgreiing,

## 21.09.2023 KOMMUNESTYRET

Fellesframlegg frå Austrheim Høgre og Austrheim Arbeidarparti: foreslått av: Monika Thorpe

Saka om nytt golvbelegg på Nordliheimen er for dårleg utgreidd. Austrheim Høgre og Austrheim Arbeidarparti ber om at saka vert utsett og at bedriftshelsetenesta, ergoterapeut, verneombod, tilsette og leiinga ved Nordliheimen vert trekt med i arbeidet med ei ny og grundigare saksutgreiing,

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Kan reparere skrammer og hakk i dagens belegget for 15-20.000 kroner, å bytta alt kostar 300-600.000 kroner.
- Legg opp til å skifta golvet i daglegstova, men ikkje i gangareal.
- Kan leggja skum under belegget for å gjera det mjukare å gå på, men det vert men lettare å slå hol i belegget, og det er vanskelegare å trilla senger på mjukare golv.

Monika Thorpe (Ap) la fram fellesframlegg frå Austrheim Høgre og Austrheim Arbeidarparti: "Saka om nytt golvbelegg på Nordliheimen er for dårleg utgreidd. Austrheim Høgre og Austrheim Arbeidarparti ber om at saka vert utsett og at bedriftshelsetenesta, ergoterapeut, verneombod, tilsette og leiinga ved Nordliheimen vert trekt med i arbeidet med ei ny og grundigare saksutgreiing".

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det var rett å gå tilbake til kommunestyret med saka sidan det var spesifikt bedt om nytt golvbelegg i vedtak i kommunestyret. Om arbeidet ikkje vert gjort i år, vil midlar som er sette av først over til neste budsjettår.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er viktig at ein involverer dei som jobbar på Nordliheimen. Må også vurdera dette opp mot langturnus, det er belastande å gå på dette golvet i mange timar.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for utsetjingsframlegget.

### **KS - 070/23 - 21.09.2023 - Vedtak:**

Saka om nytt golvbelegg på Nordliheimen er for dårleg utgreidd. Austrheim Høgre og Austrheim Arbeidarparti ber om at saka vert utsett og at bedriftshelsetenesta, ergoterapeut, verneombod, tilsette og leiinga ved Nordliheimen vert trekt med i arbeidet med ei ny og grundigare saksutgreiing,

---

## **071/23: Reglement, ansvar og mynde for Levekårsutvalet 2023-2027**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret vedtek:

1. Reglement for Levekårsutvalet slik det ligg føre.
2. Levekårsutvalet skal ha 7 representantar. Leiar må vera medlem av kommunestyret.
3. Levekårsutvalet vert oppnemnd i konstituerande kommunestyre 26. oktober.
4. Utsendinga før Formannskapsmøta vert endra til 1 veke før møtet.
5. Kommunedirektøren innarbeidar endringane i «Reglement for folkevalde organ i Austrheim kommune. Reglementsamling».

15. 1 .

Levekårsutvalet følgjer kommunestyret sin valperiode og vert vald for fire år. Levekårsutvalet er samansett av 7 medlemmar som vert vald av kommunestyret. *blant kommunestyret sine medlemmar og varamedlemmar. (det i kursiv skal ut)*

Medlemmane vert fordelte etter forholdstalsprinsippet, og kvar gruppering har to fleire varamedlemmar enn faste medlemmar. *Avtaleval kan også nyttast (det i kursiv skal inn)*



## 21.09.2023 KOMMUNESTYRET

Korrigeringar i reglementet foreslått av:

15. 1 .

Levekårsutvalet følgjer kommunestyret sin valperiode og vert vald for fire år. Levekårsutvalet er samansett av 7 medlemmar som vert vald av kommunestyret. *blant kommunestyret sine medlemmar og varamedlemmar. (det i kursiv skal ut)*

Medlemmane vert fordelte etter forholdstalsprinsippet, og kvar gruppering har to fleire varamedlemmar enn faste medlemmar. *Avtaleval kan også nyttast (det i kursiv skal inn)*

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Heile reglementet kjem som sak til det nye kommunestyret.
- Denne gongen berre reglement for levekårsutvalet, slik at dei får eit mandat for det arbeidet dei skal gjera.
- Bakgrunnen for å korta ned utsending til FS til ei veke, er mellom anna at ein del av sakene skal gjennom levekårsutvalet først.
- Kommunestyret kan endra slik at ein kan henta representantar fritt utanom dei folkevalde.
- Råd og utval vert også inviterte til politikaropplæringa.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein er oppteken av å få inn dei rette folka, ikkje berre frå lista, men også ildsjeler frå idretten og kulturen. Vil foreslå å kutta at det skal hentast frå medlemmer og varamedlemmer til kommunestyret.

Inger Lise Brekke (H) sa at ein kan rekruttera til det politiske arbeidet med å gå ope ut for å henta medlemmer til levekårsutvalet.

Jan Erik Espelid (Bygdelista) ba om at det vart sett punktum etter kommunestyret i denne delen av reglementet:

15. 1 .

Levekårsutvalet følgjer kommunestyret sin valperiode og vert vald for fire år. Levekårsutvalet er samansett av 7 medlemmar som vert vald av kommunestyret. *blant kommunestyret sine medlemmar og varamedlemmar.*

Reidar Øksnes (Sp) viste til at det tidlegare var fleire utval, og at det då ikkje var nok medlemmer i kommunestyret til å fylla dei tre utvala. Men leiar i utvalet var i formannskapet, medan eit medlem i kommunestyret var saksordførar. Øksnes spurte vidare korleis det skal jobbast med å finna medlemmer fram til dei konstituerande kommunestyremøtet?

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det etter hans syn er fritt for dei politiske partia å nominera medlemmer mellom innbyggjarane i Austrheim, så lenge det er myndige og valbare personar.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det er bra for å spreia den politiske interessa at ein ikkje knyter seg til berre faste medlemmer og varamedlemmer i kommunestyret, men det er viktig at kandidatane er valbare og folkeregistrerte i Austrheim.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa om valmetoden at det må vera mogleg med avtaleval også.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa ein kan bruka gruppeleiarforum til å forhandla fram eit utval som er best mogleg, med medlemmer som brenn for sakene og jobbar for å realisera gode prosjekt.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at valnemnda bør ha ei rolle, gjerne gruppeleiarane også, men kvar er valnemnda i denne saka?

Per Lerøy (Ap) svarta at han ser for seg at gruppeleiarane jobbar med dette, det forumet har eigna seg tidlegare.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at ein må sjekka kommunelova at ein er innanfor reglane der.  
Handsaming i kommunestyret:  
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med justeringar som lista i tillegget.

**KS - 071/23 - 21.09.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret vedtek:

1. Reglement for Levekårsutvalet slik det ligg føre.
  2. Levekårsutvalet skal ha 7 representantar. Leiar må vera medlem av kommunestyret.
  3. Levekårsutvalet vert oppnemnd i konstituerande kommunestyre 26. oktober.
  4. Utsendinga før Formannskapsmøta vert endra til 1 veke før møtet.
  5. Kommunedirektøren innarbeidar endringane i «Reglement for folkevalde organ i Austrheim kommune. Reglementsamling».
-